

Saksbehandlar: Ole Ingar Hagen Hæreid, Samferdsleavdelinga  
Sak nr.: 16/2273-4

## Søknad om fornya konsesjon for å drive Florø lufthamn, fråsegn

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for samferdsle til å gje slik tilråding:  
Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane tilrår at Avinor AS får fornya konsesjon til å eige og drive Flora lufthamn, slik det er søkt om.

### Vedlegg:

Høyringsbrev frå Luftfartstilsynet

### Andre dokument som ikkje ligg ved:

Brev frå Avinor til Luftfartstilsynet 12.05.16

Fråsegn frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 24.05.16

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### **1. Bakgrunn for saka**

#### Grunnen for at saka er fremja

Avinor AS har søkt Luftfartstilsynet om fornying av konsesjon for å drive og eige Flora lufthamn.

Avinor har konsesjon til å drive og eige Flora lufthamn fram til 4. oktober 2016. Konsesjonen gjeld for 10 år, frå og med 04.10.2006.

Høyringsfrist var i utgangspunktet 25. mai 2016, men er utsett til 13. juni p.g.a. nye opplysingar frå Avinor AS. Vi har bedt om fått utsett frist til 24. juni. Dette er akseptert.

#### Historikk - tidlegare vedtak

I møte 25.04.2005, sak 20/05 gjorde hovudutval for samferdsle følgjande vedtak:

*Sogn og Fjordane fylkeskommune rår til at Avinor AS får konsesjon til å eige og drive Flora lufthamn slik det er søkt om.*

#### Sentrale problemstillingar

Lufthamna inngår i Avinor sin divisjon for regionale lufthamner, og er til offentleg bruk. Lufthamna nyttast primært til rute-, - allmenn- og offshoreflyging. I tillegg er det ein del skule-, ambulanse og chartertrafikk.

I 2013 var det totalt 11 648 flyrørsler ved lufthamna. Rute- og offshoreflyging var dominerande trafikken med i alt 11 159 av registrerte flyrørslene. Prognosane for rute- og offshorettrafikken er om lag 12 500 i 2020, 13 100 i 2013 og 13 500 i 2040. I tillegg kjem ambulanse-, skule-, charter og allmennflyging med om lag 500 til 800 flyrørsler per år.

I høve fornyinga av konsesjonen, søker Avinor om at det ikkje vert fastsett konkrete opnings-tider på lufthamna. Avinor ønskjer sjølv å fastsette opningstidene ut i frå aktuell trafikk. Dette ønsket er i realiteten i samsvar med gjeldande konsesjon.

### Andre opplysningar

Alle som vil starte opp, drive eller eige ein landingsplass skal som hovudregel ha konsesjon, jf. lov av 11. juni 1993 nr. 101 om luftfart (luftfartslova) § 7-5 første ledd. Det skal hentast inn fråsegner frå kommunale og andre mynde før konsesjon vert gitt.

Luftfartstilsynet ber høyringsinstansane om å ta stilling til:

- Forholdet til kommunal arealplan
- Forholdet til naturmangfaldlova
- Støy
- Konsesjonsvilkår

Flora lufthamn er base for 330-skvadronen (redningsskvadronen), og har med dette ei viktig rolle i den sivile beredskapen.

### Konsesjonsvilkår

I søknaden om fornya konsesjon har Avinor AS teke spørsmålet om opningstider, og ber om at opningstidene gir ein hensiktsmessig fleksibilitet for selskapet.

I gjeldande konsesjonsvilkår er det fastsett at:

*«Landingsplassen skal holdes åpen på de tider som er nødvendige for å betjene helikopterflyginger på kontinentalsokkelen samt flyruter som er pålagt offentlig trafikkplikt. Åpningstiden skal fastsettes av Luftfartstilsynet i samråd med bl.a. konsesjonsinnehaveren og myndigheten som pålegger offentlig trafikkplikt, Ambulanseflyginger skal tillates også utenfor åpningstiden.»*

Opningsregimet som Avinor ber om er i prinsippet tilsvarande det eksisterande. Forskjellen er i all hovudsak at luftfartsmyndighetene si rolle vert tona litt ned.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har tilrådd at Avinor får fornya konsesjon til å drive og eige Flora lufthamn.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

I denne saka vil fylkesrådmannen først og fremst vurdere konsesjonen i høve til regional utvikling og busetting.

I møte 09.12.14, sak 51/14 handsama FT sak om analyse av lufthamnstrukturen på kortbanenettet. I si fråsegn peika fylkestinget mellom anna på at riksvegnettet og fylkesvegnettet langt i frå er godt nok utbetra til at det kan nyttast som argumentasjon for nedlegging av ein eller fleire flyplassar i Sogn og Fjordane, utan at det medfører store ulemper for dei reisande/brukarane av flyplassane. Ei nedlegging av 1 eller 2 lufthamner i Sogn og Fjordane vil føre til avgjerande store ulemper for næringslivet, kommunar og regionale statsetatar gjennom lengre reisetid og mindre moglegheiter for å oppretthalde aktiviteten sin i Sogn og Fjordane. Næringslivet er avhengig av flyplassane for å vere lokaliserte i fylket. Kontakt med marknad og samarbeidspartar er avgjerande for aktiviteten. Flyplassane er ein viktig del av drifta, og er ein føresetnad for å redusere konkurranseulempene.

Det er avgjerande for lokalt næringsliv i Sogn og Fjordane å ha tilgang til ei effektiv flyteneste. Næringslivet i fylket er eksportretta, dessutan har ikkje fylket store tettstadar som kan tilby eit fullstendig og variert tilbod av viktige tenester, og det er difor heilt avhengig av raske transport-middel for å få henta inn slike tenester på ein effektiv måte. Både det lokale næringslivet og den offentlege administrasjonen er såleis heile tida bruk for rask transport over lengre avstandar, noko berre eit flytilbod kan gje på tilfredsstillande vis.

Fylkesrådmannen viser til at forsvaret har etablert sivil redningsteneste (330-skvadronen) ved lufthamna. Flora lufthamn vil difor vere viktig for den framtidige sivile beredskapen.

Dersom Avinor ikkje skulle få fornya konsesjon til å drive og eige Flora lufthamn, vil dette få store negative konsekvensar for offshoretrafikken, lokalt næringsliv, kommunar og regionale statsetatar. Alle desse er avhengige av ei godt fungerande lufthamn i sitt nærområde for å unngå store avstandsulempar og lang reisetid.

### **3. Konklusjon**

FT i Sogn og Fjordane har ved fleire høve peika på kor viktig det er å oppretthalde dei fire flyplassane i Sogn og Fjordane. Flora lufthamn er viktige både for næringslivet, det offentlege og andre reisande til/frå Sogn og Fjordane og ikkje minst for offshoretrafikken til/frå Flora lufthamn. Fylkesrådmannen vil tilrå at Avinor AS får fornya konsesjonen til å drive og eige Flora lufthamn.